



Bokn kommune

Seksjon kultur, skule og barnehage

Bokn 27.03.25

Foreldre representantar: Liv Johanne Hettervik og Elin Våge
Tilsette representantar: Cecilie Odland og Tone Børgesen
Kommune/Eigar representant: Rannveig Øvrebø
Eigar representant: Kate Åse Helgø (styrar) og Ingrid Sofie Rundhaug (rep.barnehageeigar)

Kopi: Ordførar Egil Våge
Rådmann Ingeborg Skjølingstad
Kommunalsjef Åse Bratthammer

Referat frå samarbeidsutval 27.03.25:

saker	referat	ansvar
Sak 21/2023 Stenge barnehagen 1-2 veker i juli – med hensyn til ressursbruk. v/Ingrid Sofie	Bakgrunn for at saka er sett opp på agendaen er at det er komme litt ulike signal om kva ein har landa på i saka i forhold til om ein skal gå vidare med saka eller ikkje. Ein gjennomgang frå SU referat viser at saka kom på agendaen i eit møte i 2021 etter ønske frå nokre tilsette. Tilsette opplevde då at nokre veker på sommaren var krevjande med tanke på å få til ei god ferieavvikling og å få tak i vikarar. I vidare dialog med tilsette er det komme fram at dei i sommarferievekene observerer at enkelt born i nokre veker der det er få born til stades og gjerne fleire vikarar, ikkje har sine jamaldrande born /leikevenner eller kjende tilsette i barnehagen. Det kan for enkelte born opplevast uttrykt og gjere at barnehagekvardagen på sommaren ikkje blir til det beste for barnet. Tilsette erfarer og at dei for å kompensere for at det og er fleire vikarar på sommaren gjerne strekk seg ein del ekstra for å sikre at alle born og føresette opplev at kvardagen i barnehagen og på sommaren fungerer som normalt. Dette gjer at tilsette ofte er veldig slitne når dei går på ferie, og brukar lang tid på å hente seg inn att, noko som og kan utgjere ein risiko for at tilsette blir sjuke/sjukemelde når dei går på ferie. Å få tak i vikarar i barnehagen er ei utfordring, særleg på sommaren. Barnehagen ynskjer i styrst mogeleg grad	Styrar og rep. For barnehageeigar

Kommunalsjef: Åse Bratthammer
Tlf: 52 75 25 50 / 958 39 162
Servicetorg: 52752510

Bokn barnehage: styrar, Kate Åse Helgø
Tlf.: 48254428
E- post: kathel@bokn.kommune.no
Postadresse: Boknatunveien 31, 5561 Bokn

	å nytte faste vikarar som kjenner borna og barnehagen, men det er ikkje alltid det blir slik. Å administrerer ferieavvikling for tilsette på sommaren er derfor ei utfordring. Samstundes er det og tilsette i barnehagen som ikkje ynskjer å ha stengd i 1-2 veker fordi ein då får ei meir styrt ferieavvikling. Det same er og tilbakemeldingane frå litt i overkant av halvparten av foreldregruppa (jmf. ei kartlegging gjort for eit års tid sidan av foreldrerepresentantane i SU). Å stengje barnehagen 1-2 veker på sommaren har med det både fordelar og ulemper for born, tilsette og føresette. Alle representantane i SU gav uttrykk for at dei ser saka frå alle sider, og at me saman må sjå på kva tiltak me kan iverksette for å gjere sommaravviklinga god for særleg borna, men og føresette og tilsette. SU blei og samde om at ein må stå samla bak eit eventuelt forslag om stenging, men at dette først skal drøftast etter sommaren 2025. Ein skal då drøfte saka med bakgrunn i følgande: - Gjennomsnittleg tal på barn til stades i løpet av sommarferieveckene (skuleferien) i 2025. - Gjennomføring av ferieavvikling for tilsette - Tilgang på vikarar og vikarbruk. - Ei kartlegging av korleis sommaren 2025 har vore for både born, tilsette og føresette. Det blei vidare drøfta andre tiltak knytt til korleis ein kan sørge for ei betre ferieavvikling. SU vart samde om å endre dato for når føresette må melde inn ferien på sine born frå 1.mai til 1.april. Tiltaket kan være et godt tiltak i forhold til å tidlegare kunne få oversikt over behovet for vikarar på sommaren, og få tak i tilstrekkelege og fortrinnsvis kjende vikarar. Tiltaket vert innført frå barnehageåret 2025/26, men for sommaren 2025 blei ein i SU samde om at barnehagen skal sende ut ei vismamelding så snart som mogleg der ein oppfordrar om at føresette melder inn sommarferien innan 14.dagar etter utsendt melding. Dette vil gi barnehagen litt betre tid til å planlegge ei god ferieavvikling kommande sommar. Forlaget om endring av dato for å melde inn ferie vil bli lagt inn i forslag til nye vedtekter som skal handsamast på neste møte i SU i mai.	
Sak 30/2024 Dele opp ferieuka – vedtekter. v/Ingrid Sofie	I gjeldande vedtekter står det følgande om ferieavvikling for born i barnehagen (punkt 7 b og c): <i>b) Barna skal ha 4 veker ferie i løpet av barnehageåret. Ferien kan delast i to, men minst 3</i>	Styrar og rep.for barnehageeigar

	<i>veker skal vere samanhengande og innanfor Bogn skule sin sommarferie. (Barn som skal byrje på skulen kan gjerne la ferien gå fram til skulestart.) Kommunalsjefen kan i heilt spesielle tilfelle, og etter søknad, gjere avvik frå regelen om plassering av ferie. Slik søknad må vere motteke før 1. mai i ferieåret.</i> <i>c) Barnehagestyrar skal ha melding om når barnet skal ha sommarferie så snart som mogleg og seinast 1. mai. Dersom barnet skal ha den fjerde veka ferie utanom skulen si sommarferie, skal barnehagestyrar varslast minst ei veke før ferieveka startar. Dersom slikt varsel ikkje er gitt og barnet ikkje er i barnehagen, blir det ikkje godtatt at dette fråværet skal reknast som ferie. Denne veka skal vere samanhengande.</i> Det har komme ønske frå føresette om å få dele opp den 4.ferieveke i einskilte dagar. Dette ser barnehagen vil bli utfordrande administrativt i forhold til å planlegge drifta. Barnehagen har ein praksis kor tilsette kan ta ut feriedagar og avspassing når det er færre born til stades (primært når born avviklar si 4.ferieveke). Ved å dele opp den 4.veka i einskilte dagar vil det medføre redusert mogelegheit for barnehagen i å planlegge for ferieavvikling/avspassing for tilsette. Foreldrerepresentantane kom med forslag om å dele den 4.veka opp i 2+ 3 dagar slik det har vore drøfta på ei tidlegare møte. Dette er og ei løysing barnehagen kan gå for. Eit samla SU vart derfor samde om at ein skal legge det inn som forslag i reviderte vedtekter som skal leggst fram på neste SU møte i mai. Forslag til tekst som erstattar punkt 7 b og c i gjeldande vedtekter vil då bli følgande: <i>Barnehagestyrar skal ha melding om når barnet skal ha sommarferie så snart som mogleg og seinast 1.april.. Dersom barnet skal ha den fjerde veka ferie utanom skulen si sommarferie, skal barnehagestyrar varslast minst ei veke før ferieveka startar. Den 4.ferieveka kan delast opp i 3 + 2 dagar. Dersom varsel om at fråvær er grunna ferie ikkje er gitt og barnet ikkje er i barnehagen, vil dette fråværet ikkje reknast som ferie. Feriedagar må takast på dagar når barnehagen har ordinær opning.</i>	
Sak 01/2025 Foreldreundersøkinga 2025 v/styrar – viser til resultatet og samarbeid barnehage-heim.	Styrar gjekk igjennom resultata frå foreldreundersøkinga 2025. Barnehagen ligg på over 4 (av høgaste score som er 5) på ein del punkter, men ligg lågt på andre punkter. Barnehagen skal ta tak i og	Styrar er ansvarleg for å kalle inn til og førebu møte. SU

	arbeide systematisk for å iverksette tiltak som kan betre dei punkta kor ein scorar lågt. Det blei i SU reflektert og drøfta litt rundt resultata og kva ein ser kan være vegen vidare for å jobbe med betring på punkta kor ein scorar lågt. SU vart samde om at ein ynskje foreldreinvolvering i prosessen for forbedring, og at dette arbeidet kan startast på i eit felles foreldremøte no i vår. Det vart fremma forslag på foreldremøte 29. april. Tilsettrepresentant kom og med forslag om at barnehagen i samarbeid med SU må planlegge tiltak i forkant av neste foreldreundersøking for å betre svarprosenten. Dette må settast opp som sak på SU møte i god tid før neste undersøking (hausten 2026 – med gjennomføring av undersøking på nyåret 2027).	deltek i prosessen i etterkant. Styrar
Sak 02/2025 Hygiene/forebygge epidemiar – samarbeid barnehage-heim v/styrar.	Barnehagen har utarbeida eit skriv som beskriv kva tiltak barnehagen har for å redusere og førebygge smitte når det er smittsam sjukdom i omløp. Skrivet er utarbeida ut frå anbefalingane frå FHI. Skrivet vil bli hengd opp i avdelingane samd bli sendt til heimane. Skrivet vart gått igjennom i SU, og drøfta. SU stiller seg bak skrivet som er utarbeida.	Styrar er ansvarleg for å sende ut skrivet.
Sak 03/2025 Det fysiske inne- miljø (slitt inventer) v/styrar.	Det fysiske inne- miljø har vore drøfta på fleire SU møter. Barnehagen har hatt bedriftshelsetenesta inne og det har blitt gjennomført målinger av støy, luft og lys. Nokre resultat frå dette føreligg, andre kjem i løpet av kort tid. Resultata er/blir sendt vidare til kommuneleiinga. Etter ein gjennomgang av ute- og inne miljø på årleg vernerunde med vaktmester, representant frå HMS og dagleg leiar for reinhald har det blitt utarbeida ei oversikt over behovet for innvendig rehabilitering grunna slitasje, og vanskar med å halde ting reint. Denne oversikta er sendt over til kommuneleiinga. Tilbakemeldinga på dette er at ein skal gjere ei vurdering på om barnehagen skal renoverast og at det skal leggst inn som forslag i budsjett for 2026, eventuelt kva som kan gjerast i løpet av kort tid gjennom ordinært vedlikehaldsbudsjett. SU vil bli involvert når det er gjort avklaringar på kva som er vegen vidare i forhold til dette.	Kommuneleiing

Evt. – saker til orientering

• Foreldre støttande tiltak v/Ingrid Sofie	Prosjekt «foreldrestøttande tiltak» som blir drifta med tilskotsmidlar som det er søkt på. Denne gruppa er satt saman av pedagog i barnehagen, helsesjukepleier, SFO leiar og rektor på skulen. Målet for innsatsen i alle sektorane innanfor oppvekst i Bokn kommune er at med skal skape ein samanheng/rød tråd innan oppvekstfeltet i kommunen, der alle sektorar yter tenester basert på same grunntankar, og kor ein spelar på lag i forhold til korleis med skal skape ein god oppvekst for barn i Bokn kommune. Denne tverrfagleg samansette gruppa er eit tiltak kor ein jobbar for å skape ein arena kor foreldre kan treffast og diskutere ulike utfordringar knytt til det aktuelle tema. Prosjektgruppa har som mål å invitere til 2 foreldrekvelder i halvåret. Det vil og jobba med å få inn eksterne foredragshaldarar til eit felles foreldremøte for barnehage og skule ca. 1 gong i halvåret. Det blei gjennomført fyrste foreldrekveld i prosjektet 12.mars med temaet «skjermbruk, skjermtid og lek» kor alle foreldre med born i barnehagen og skulen i Bokn var invitert. Kvelden starta med ei innleiing med fakta/forsking/informasjon ang temaet, før foreldera fekk ta i bruk dialogspel. Det var ca. 12-13 føresette til stades, og det kunne i etterkant meldast om god stemning og gode diskusjonar. Prosjektgruppa vil gjerne ha innspel på ynskjer om tema som kan settast på dagsorden i denne gruppa? Eller forslag på foredragshaldarar? Dei tek og i mot andre tilbakemeldingar/spørsmål. Dette kan sendast på e-post til styrar i barnehagen. Dersom SU ynskjer meir informasjon om prosjektet kan det og meldast til styrar.	
• Språkutvikling og lesing v/Ingrid Sofie	Prosjekt med midlar frå UDIR til å styrka skulebiblioteket, skulen og barnehagen sitt arbeid med lesestimulering. Det er ei prosjektgruppe beståande av biblioteksjef, pedagog i barnehagen med vidareutdanning i lesing/språk, og to lærarar frå skulen med vidareutdanning i lesing/språk. Hovudformålet for prosjektet er å utvikla ein felles leseplan/språkplan for Bokn barnehage og Bokn skule. Denne er gruppa allereie godt i gang med. Den blir bygd opp gjennom å beskrive ulike metodar og læringsstrategiar for kvart alderstrinn. Det blir og utarbeida ein plan med årleg lese/tema-prosjekt for alle alderstrinn med faste prosjekt/forfattarar. Her blir det bestilt inn aktuelle bøker, rekvisittar og utstillingssaker til kvart tema/forfattar.	

	Dersom SU ynskjer meir informasjon om prosjektet kan det meldast til styrar.	
Utvikling av barnehage og tilsette v/Ingrid Sofie	Oppvekstplanen for Bokn er ferdig, og blei politisk behandla 18.mars. Den viser til kva som skal ligge til grunn for innsatsen i både barnehage og skule. Barnehagen jobbar med systematisk kvalitetsutvikling der me nyttar faste møter til å ha gode prosessar om tema me arbeidar med. Barnehagen har arbeida med desse satsingsområda - Profesjonsutvikling: Deltak i lærande nettverk med alle kommunane på Haugalandet. Bokn barnehage har jobba mykje med barnehagebasert vurdering. Me har samarbeidet med Karmøy barnehagane og Høgskulen på Vestlandet. Dette er ein del av krava i nytt lovverk. Me har arbeid med metodiske tankesett med observasjon, praksisfortelling og evaluering. Deretter implementering av ny felles praksis rundt kvardagssituasjonar som t.d. måltid og garderobe. - Bokn barnehage er i gong med eit arbeid knytt til arbeidsmiljøet. Me har påbegynt ein handlingsplan med tiltak knytt til ulike tema, og har vald å buka opplegget til arbeidsmiljøhjelpen.no . - Som beskrive ovanfor i eige punkt jobbar ein systematisk med språkutvikling og lesing. - Trygg i barnehagen. Barnehagen jobbar med å etablere eit felles relasjonelt tankesett. Me har tiltak knytt til kompetansebygging hjå tilsette og føresette i forhold til dette, og prosjektet «foreldrestøttande tiltak» er ein del av denne satsinga. - Satsing på bruk av natur. Et satsingsområde som barnehagen vil fortsette å ha fokus på. Det blir bygget en grillhytte både inne på barnehagen sitt område og på ny leikeplass. Felles plandag med skulen - friluftsliv kurs - den 11.08.25.	

Satsing på bruk av natur v/styrar	Natur er det ein av barnehagen sine satsingsområde. Barnehagen vil fortsette å ha fokus på korleis ein kan auke bruken av natur i barnehagekvardagen, og ser at det å være ute på tur/i naturen har ein positiv effekt på borna på mange områder. Dette kunne og foreldrerepresentantane bekrefte at var deira eigen erfaring.	
Foreldresamarbeid (møter og medverknad) v/Ingrid Sofie	I tråd med tiltaka i oppvekstplanen vil ein gjennomføre eit par foreldremøte i året med ulike tema. Gjennom ulike prosessar for medverknad og dialog vil dette være med på å styrke arbeidet med «laget rundt barnet». Barnehagen vil med det få viktige innspel til barnehagen sitt kontinuerlege kvalitetsarbeid frå dei føresette. Ref.sak om foreldreundersøkinga kor SU har vedteke å gjennomføre eit foreldremøte med dette som tema for å starte prosessen med å utarbeide plan med tiltak for å betre områda kor ein scorar lågt på foreldreundersøking.	
Årsmelding til politikare v/Ingrid Sofie	Utkast til årsmelding for barnehagen for 2024 er skrive. SU skal få komme med innspel til denne. Styrar sender utkastet til dei to foreldrerepresentantane. Utkastet vil og bli tatt med inn i pedagog- og avdelingsmøter i barnehagen for å få innspel få tilsette. Det er ikkje sett frist for tilbakemelding her, men ein oppfordrar om at ein sender innspel tilbake seinast 14 dagar etter at det er motteke.	Styrar sender ut utkast til foreldrerepresentantane og gir frist for innspel. Styrar deler utkastet med tilsette og tar med eventuelle innspel.
Lærling v/Ingrid Sofie	Det er eit mål om å tilsette lærling i barnehagen, og det skal lysast ut i løpet av kort tid.	Styrar lyser ut stillinga.
Korleis foreldre snakkar med barna sine v/tilsett representant.	Tilsett-representant fortel om prosjektet dei jobbar med særleg med dei eldste som handlar om følelsar, og korleis ein møter borna i forhold til åtferd. Dei har i dette prosjektet snakka mykje om «røde og grønne tankar», og dei nyttar tiltak som inndeling i mindre leikegrupper for å jobbe med dette, bygge relasjonar mellom borna, og kunne komme tettare på i det som skjer mellom borna. Avdelinga ynskjer at føresette tek del i prosjektet gjennom å snakke med borna heime om korleis ein møter kvarandre på ein god måte og når det har skjedd vanskelege ting, kva ord ein nyttar om når borna fortel om hendingar i barnehagen, og korleis ein omtaler andre born. Dei ynskjer at barnehagen og heimane saman byggjer opp under tankar som at barn er barn med følelsar, og ting kan skje. Det betyr ikkje at eit barn er «snilt» eller «slemt». Barnehagen ynskjer at me saman jobbar for at borna skal lære korleis dei skal være mot kvarandre,	

	snakke om kvarandre, og me må hjelpe og rettleie dei på følelsane deira. Barnehagen ynskjer at me saman med heimane skal jobbe med å hugse på at: - Barn kan slå/utagere når dei har det vanskeleg og ikkje har lært å regulere følelsane sine på andre måtar. - Når barn gjer noko dumt må me vise kjærleik - Når barn gret er det vår oppgåve å trøyste dei og vise aksept for at dei er lei seg, og ikkje ha fokus på å gjere dei glade igjen (romme følelsane dei har). - Når barn har det vanskeleg treng dei oss som trygge vaksne.	
• Sak med spørsmål meldt inn frå foreldrerepresentant <i>«Planlegger barnehagen å markere Pride på noe vis i juni i år? I form av for eksempel en uke eller dag med fokus på mangfold? Jeg tror det er viktig å snakke om forskjellige familierelasjoner, gutter kan elske gutter osv, ulike religioner, etnesiteter, hudfarge osv. med barna, og kanskje spesielt når vi bor i en kommune hvor det er mindre mangfold. Rammeplanen sier også at mangfold skal fremmes 😊»</i>	Pride markering vart drøfta på ped.leiarmøte 24.03.25. Ein vart då samde om at det skal markerast med fokus på mangfald og inkludering. Det vart ikkje drøfta kva ein skal ha for opplegg reint konkret i markeringa då det skal drøftast på kommande ped.leiarmøter.	Styrar
Sak om parkering.	Barnehagen ser at det er ulike utfordringar med parkering i forhold til henting og levering i barnehagen. Nokre foreldre er observert at parkerer i rundkøyringa eller framføre søppelcontainerane. Dette utgjer stor risiko for påkøyrse, samt hindrar framkomst av skulebuss/kommunal minibuss og søppelbil. Det er og observert at føresette tek snarvegen over rullesteinane opp til porten i barnehagen. Dette utgjer og ein stor risiko med tanke på at steinar kan rulle ned på bilar, eller ein kan falle og bli klemd mellom steinane. Styrar vil sende ut melding til føresette og oppfordre be om at det vert nytta oppmerka parkeringsplassar når ein skal levere/hente i barnehagen, og at ein nytta gangvegen opp til porten. Ein ser samstundes at det er utfordringar med få ledige parkeringsplassar til føresette ved barnehagen ved henting og levering. Styrar vil ta	Styrar sender ut ei oppfordring til føresette på visma. Styrar sender e-post til kommuneleiing og ber om at det blir sendt ei

	dette vidare med kommuneleiinga slik at det kan sendast ut ein ny e-post med påminning om at kommunalt tilsette (som ikkje skal nytte ladeboksane) kan nytte andre parkeringsplassar enn dei mellom Boknatun og barnehage/skule.	påminning om kva for plassar ein ynskjer at tilsette skal parkere på.

Kate Åse Helgø, 27.03.25

-styrar-